



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1032 - 17/9740

Saksbehandlar:

Sveinung Kvamme

sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

03.08.2017

Skjønnstilskot 2018

Vi er kjende med at det ordinære skjønnstilskotet først og fremst er retta mot særlege tilhøve som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet.


Folketalsutvikling, skatteinngang mv.

Folketalsutviklinga i Radøy syner svak positiv tendens frå 2006, men med etter måten store svingingar frå år til år, sjå diagram til høgre. Folketalet pr 1.1.2017 var såleis 5.128, som er auke på 1,0% samanlikna med 1.1.2016. Det er vekst i dei fleste aldersgrupper, med unnatak av gruppene 6-15 og +90, der vi ser noko tilbakegang.

Aldersgruppa 16-66 aukar mest, 2,58%.

Gruppa +90 har tilbakegang på 9,26%, men dette utgjer berre 5 personar. Første kvartal 2017 syner

reduksjon i folketalet til 5.091, trass i fødselsoverskot på 7 personar. Høg utflyttingsgrad kan ha samanheng med avvikling av asylmottaket på Radøy.



Skatteinngangen har vore svingande dei siste åra, men med nedgåande tendens iht landet sidan 2010. I 2014 hadde Radøy 87,3% av landsgjennomsnittet, i 2015 84% og i 2016 79,4%. Pr mai 2017 er vi på 77,5% av landet, nest svakast i Hordaland. Tal for juni ligg enno ikkje føre.

Arbeidsløyse

Pr mai 2017 hadde Radøy 88 personar som var heilt arbeidsledige. Dette utgjer 3,3% av arbeidsstyrken, På same tidspunkt i 2016 hadde vi 102 arbeidsledige. Utviklinga har også vore positiv så langt i 2017.

Utanlandske statsborgarar

Pr 1.1.2017 var ca 5,7% av innbyggjarane i Radøy frå Polen og Litauen. Diagrammet til høgre syner utviklinga dei siste åra. Veksten i desse innvandrargruppene har vorte mindre etter kvart, og var i 2016 for første gong på mange år svakare enn for kommunen totalt. Mange av innflyttarane har med seg born i alderen 0-15 år. Dette har ført til press på barnehage, skule, helsestasjon og barnevern.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no


Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Innvandrarar

Vi ser også at stadig fleire utanlandske statsborgarar nyttar seg av retten til grunnskuleopplæring. Radøy kommune må kjøpa slike tenester frå Lindås kommune, m.a. fordi det er krevjande å få til ei tilfredsstillande organisering av opplæringa for Radøy åleine.

Ressurskrevjande brukarar


For 2018 er det registrert 32 PU-brukarar som gir rett på tilskot gjennom kostnadsutjamninga, mot 31 i 2017. Radøy har i alle år hatt mange PU-brukarar i høve til folketalet. Sjølv om dette gir oss ekstra tilskot gjennom utgiftsutjamninga, har vi likevel betydelege netto meirkostnader til desse brukarane. Dette ser vi mellom anna av kostrat-tal for heimebuande, der heile 9,3 prosent av tenestemottakarane i Radøy har særskilt høg timeinnsats.



Sjukefråvær

Radøy kommune har hatt høgt sjukefråvær, både i offentleg og privat sektor. Siste tilgjengelege tal pr 31.12.2016 syner 7,6 prosent legemeldt sjukefråvær i Radøy totalt sett. Dette er høgst av kommunane i Nordhordland, inkl Osterøy. Diagrammet til høgre syner sjukefråværet for tilsette i Radøy kommune. Vi ser ingen klar tendens, bortsett frå at fråværet er høgt, og dverre noko høgare i første kvartal 2017 enn første kvartal 2016. Det er sett i verk fleire tiltak for å få ned sjukefråværet, men så langt i 2017 ser ein tilsynelatande ingen verknad av desse.

Sjukefråvære



Stønad til livsopphald

Utbetalt stønad til livsopphald har auke mykje dei siste åra. Ser vi på utbetalinger pr juni månad, har auken vore sterkt dei siste åra. Det er ei rekke årsaker til dette. Generelt har det kome fleire søknader om stønad til livsopphald. Vi registerer fleire storfamiliar utan lønsinntekt, fleire med rusproblematikk, fleire søknader der brukarane har born og fleire som må ha mellombels bustad. Det er i 2017 sett i verk fleire tiltak for å redusera summen av utbetalt stønad til livsopphald.

Utbetalt stønad til livsopphald pr juni månad

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|-----------|-----------|-----------|-----------|------|
| 3 118 247 | 2 925 235 | 4 076 675 | 4 400 011 | |

Driftssituasjonen

Radøy kommune har etter måten høgt utgiftsnivå, men samstundes låg skatteinngang. Dette gjer det til ei krevjande oppgåve å balansera økonomien. Mykje av årsaka til at Radøy kommune har greidd å halda positiv balanse over tid, er nøktern drift i alle ledd, kombinert med godt samarbeid mellom politisk og administrativt nivå på dei aller fleste område.


Regulert budsjett for 2016 syntetiserte eit netto driftsresultat på om lag 3,2 mill. Dette vart vurdert som nøkternt realistisk. Året vart langt meir positivt enn ein kunne rekna med. Dette skuldast høgare skatteinngang og inntektsutjamning enn føresett, høgare integreringstilskot og vertskommunetilskot. Ein kombinasjon av nøktern drift, god økonomistyring og «flaks» gjorde at drifta vart rimelegare enn

budsjettert. Samla fekk vi såleis eit netto driftsresultat i 2016 på om lag 13,1 mill, det beste resultatet vi har hatt i «nyare» tid. Men skatteinngang og integreringstilskot vert ikkje vidareført, og «flaks» i 2016 kan bli «uflaks» i 2017 og 2018. Det er difor ingen grunn til å rekna med tilsvarande resultat for 2017 og 2018.

Nokre tenesteområde

Diagrammet syner at brutto driftsutgifter til skule pr elev har auka litt frå 2015 til 2016. Kostnaden ligg lågare enn dei andre samanlikningskommunane, unntek Gloppen, og lågare enn kommunegruppa. Radøy driv såleis svært rimeleg pr elev. Det er ikkje sannsynleg at ein greier halda dette nivået vidare, mellom anna fordi vi no har fleire elevar med omfattande trøng for hjelpetiltak i skulen.


Brutto driftsutgifter til grunnskule pr elev



Radøy har fire barneskular og ein ungdomsskule. Rådmannen har sett nærmere på skulestrukturen, men kan ikkje finna nemnande innsparinger ved å redusera frå fire til tre skulekrinsar. Først ved reduksjon til to krinsar kan ein oppnå innsparing i drifta, men dette vil krevja omfattande investeringar, slik at totalbiletet med to krinsar truleg vert ei forverring av kommunen sin økonomiske situasjon, i alle høve på kort og mellomlang sikt.

Generelt er presset på **pleie- og omsorgstenestene** høgt, og kostnaden pr innbyggjar over 67 auka litt frå 2015, men er likevel lågare enn tidlegare år. Dette skuldast først og fremst auke i tal innbyggjarar i aldersgruppa 67-79. Dette er den aldersgruppa som har auka mest dei siste fem åra, og som vil auka mest i åra som kjem.

**Netto driftsutg. pleie- og omsorgstenester
pr innbyggjar over 67 år**



Kostnadene pr plass i **institusjon** har auka noko samanlikna med 2015, men vi ligg framleis noko lågare enn samanliknings-kommunane, med unnatak av Sveio.


Kostnadene pr brukar av **heimetenester** har auka mykje i Radøy dei siste åra, frå ca 247.000 pr brukar i 2013 til 325.000 i 2016. Kostnadene i Radøy ligg langt over kommunegruppe 10, men likevel lågare enn Sveio og Osterøy.

Finansiell stode

Netto driftsresultat i 2016 vart heile 15,6 mill, eller 3,86% av brutto driftsinntekter, sjå diagram til høgre.

Den heiltrekte lina i diagrammet syner korrigert netto drifts-resultat, der ein justerer for


Netto driftsresultat



«ekstraordinære» postar og fondsbruk, t.d. innafor VA-områda. Dette gir eit betre biletet av den ordinære drifta i kommunen. Det korrigerte netto driftsresultatet er om lag 3,2% i 2016.

Etter fleire år med svekking av likviditeten, gav 2016 ei viss betring. Diagrammet «Arbeidskapital» syner at arbeidskapitalen utan premieavvik og unytta lånemidlar var negativ i åra frå 2011 til 2014, men har auka monaleg dei siste to åra.

Det akkumulerte premieavviket gjekk noko ned også i 2016, og er no om lag 23 mill. Dette avviket skal kostnadsførast i åra som kjem. Dersom kommuneøkonomien hadde vore tilnærma sunn, burde disposisjonsfondet i det minste vore stort nok til å dekka dette.



Netto lånegjeld er no om lag 57,3 prosent av samla inntekter, medan netto lånegjeld pr innbyggjar er om lag kr 45.000. Kommunen sitt gjeldsnivå er såleis moderat.

Kommunesamanslåing

Stortinget har gjort vedtak om at Lindås, Meland og Radøy skal slåast saman til ein kommune frå 1.1.2020. Driftsorganisasjonen for den nye kommunen vert etablert i løpet av 2017, og vi legg til grunn at eingongstilskotet til samanslåinga fullt ut vert nytta til etableringa av ny kommune. Radøy kommune skal likevel drifta alle sine tilbod på vanleg måte i 2018 og 2019. I tillegg til vanleg drift, skal også gjennomførast ei rekke prosesser knytt til «avvikling» av kommunen og tilpassing til ny kommune. Dette er eit omfattande arbeid som vil krevja betydelege ekstra ressursar i 2018 og 2019.

Konklusjon

Radøy kommune driv nøktern på dei aller fleste område, og sjølv om driftsresultatet var godt i 2016, opplever rådmannen at den økonomiske situasjonen framleis er krevjande.

Mange år med svært nøktern drift har ført til oppsamla trøng for endring og utvikling i organisasjonen, og i åra 2018 – 2019 vil krava til endring verta vesentleg sterkare enn dei har vore som følgje av kommunesamanslåinga. Rådmannen må finna midlar til å gjennomføra omfattande tiltak for utvikling og omstilling, avvikling og tilpassing og dette greier rådmannen ikkje innafor dei noverande driftsrammene.

Radøy kommune søker såleis om tildeling av ordinære skjønsmidlar for 2018 på minst same nivå som for 2017.

Med helsing

Jon Askeland (s)
Ordførar

Jarle Landås
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN